

Sak 15

Vinje kommunen skal utarbeide ein kommunedelplan som omhandlar naturmangfaldet. Dei er no heilt i startgropa. I det som er sendt ut no er det lista opp ein førbels plan for korleis dei tenkjer at prosessen skal vere, opplisting av diverse planar/føringar sentralt, regionalt og lokalt. Likeeins er det lista opp aktuelle tema som planen skal innhaldet (kan bli justert). Mellom anna er villrein og vilt eit fokusområde.

Det kommunen etterspør no er innspel til sjølve planarbeidet og framlegget til planprogam, slik som dei ulike fokusområda. Har ein meining/forslag til td andre fokusområder må ein kome med det.

Vedtak:

Styret for Brattefjell-Vindeggen villrein- og utmarksutval (BV) merkar seg at villrein og vilt er eit fokusområde. Villreinen i BV er pressa noko ikkje minst resultata i kvalitetsnormen for villreinområda syner. Tap av bruksareal for villreinen har vore stort og er med på å redusere livsgrunnlaget for villreinen. Gjennom kvalitetsnormarbeidet er det kome fram mykje kunnskap om reinen sin bruk av BV-villreinområde. Det vil vere til stor nytte for arbeidet kommunen no startar opp.

Styret stiller seg positiv til å kunne bidra i arbeidet viss det er ynskjeleg.